

## Informasjon om foreldreapp – Tieto edu

Skuleåret 2018/2019 tok oppvekstsektoren(/skulane) i Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Volda i bruk eit nytt administrativ system – Tieto Education. No frå skulestart 19/20 skal alle skular nyte foreldreappen «Tieto edu» til kommunikasjon med heimane.


Denne mobil appen skal erstatte meldeboka. Appen gir dei føresette tilgang til timeplanen til sin/sine elevar, samt å melde kortidsfråvær og kommunisere med skulane. Føresette som har barn i barnehage, vil sjå at ein har fleire av same funksjonane også her. I løpet av kort tid vil ein kunne melde fråvær og kommunisere med barnehagen på same måte. Av omsyn til personvernet, må ein logge på appen ved hjelp av elektronisk ID (MinID, bankID eller tilsvarande). Dette vil dermed vere ein tryggare kommunikasjonskanal enn til dømes e-post.

Appen heiter «Tieto Edu» og kan no lastast ned via AppStore eller GooglePlay. For dei som ikkje ønskjer eller har høve til å nytte ein app, vil det vere mogleg å logge på via denne nettsida.



[https://prod-lcsse.service.tieto.com/WE.Spaces.Web?domain=EduAppNo&actor=Actor\\_Relative&idpmethod=saml](https://prod-lcsse.service.tieto.com/WE.Spaces.Web?domain=EduAppNo&actor=Actor_Relative&idpmethod=saml)

Også på nettsida må du velje rett kommune og logge på nettsida ved bruk av minID eller bankID.


Når du loggar på appen eller nettsida får du opp eit «hjembilete» som syner barna du har i grunnskule og barnehagealder. NB! Appen kommuniserer berre med skulane enno, barnehagane kjem seinare i år.



På startsida kan du velje om du vil melde fråvær, sjå timeplanen for ditt barn eller skrive ein melding til lærarane i klassa.



I «Skolens timeplan» kan du velje kva dag/veke du vil sjå. Fag, lærar + start og slutt tidspunkt på dei ulike timane syner i appen.



Her kan du melde inn fråver eller sjå fråver som er registrert av skulen eller sjå kva fråver som mor eller far har registrert tidlegare i året.

Dersom du ønskjer å søkje permisjon frå skulen i meir enn enn 2 dagar, skal dette søkast om skriftleg til rektor.

### Ny melding

Legg til mottaker



5c\_ENG  
2 kontakter



5c\_KHV  
3 kontakter

Melding kan du sende til lærarane som har ditt barn, velg ny melding og legg til mottakar.

NB! Sensitive opplysningar skal kommuniserast til skulen på telefon eller i møte med skulen.

Når du har fått ei melding frå skulen i appen vil det kome opp eit «pop opp» varsel på telefonen din. Trykker du på varselet kjem du rett inn i meldinga som lærar har sendt.

Dersom du får problem med appen ta kontakt med kontaktlærar til ditt barn.